

Kjære alle samen og gratulera så mykje med nasjonaldagen!

Det er ei stor glede og æra for meg å få kome her til Blomvåg kyrkje i dag å få leggja ned krans ved minnestøtta etter dei falne frå andre verdskrig.

Det er berre nokre dagar sidan me hadde markering av 8. mai, dagen då Norge vart fritt igjen etter at landet og folk hadde vore okkupert i vel fem år, fem år utan frihet til å bestemma og leva som eit sjølvstendig og eige folk. Ei heller fekk folket feira grunnlovsdagen, med det norske flagget blafrande i toppen av flaggstengene, slik me kan og gjer i dag.

8. mai var ein dag for å heidra og minnast dei som gav det største offer nokon kan gje for landet sitt, dei måtte bøta med livet. Dei ofra sitt liv for at me skulle få kunne leva vidare i eit fritt land, i fred, og byggja det opp til å verta ein av dei flottaste og beste landa å veksa opp i. Friheten me har i dag der me kan bu og leva i eit land i fred hadde sin pris. Det må me ikkje gløyma. Me må leggja mykje i å sikra at komande generasjonar vert minna om dette. Frihet har og vil ha sin pris.

Vår grunnlov som me feirar og heidrar i dag, definerer Noreg som land. Grunnlova er tufta på kristne og humanistiske verdiar og skal sikra demokrati, rettsstaten og at menneskerettighetane vert ivaretatt i landet vårt. Grunnlova definerer pilarane eller fundamentet for landet.

Dei siste månadane har vore ei krevjande tid for oss alle. Alle nordmenn har vorte berørt på ein eller annan måte etter at koronavirus pandemien råka oss i mars månad. Dette er ei hending som har skaka dei aller fleste samfunn, land og statar på jorda. Det minste av det minste, eit virus, har satt land etter land, kontinent etter kontinent i kriseberedskap og grenser har vorte stengde. Mange har døydd.

Det har vore ei vanskeleg tid for mange men ikkje minst for dei som styrer landet vårt, regjering og storting, som har måtte ta mange og vanskeleg val på vegne av folket og nasjonen. Det har på mange måtar satt heile vår konstitusjonelle oppbygning på prøve.

Mange har kjent på einsemd i denne perioden. Det er for dei aller fleste spesielt og tungt å ikkje ha hatt mulighet til å treffast slik me pleier. Mange har ikkje fått vore saman med sine nære og kjære og mange har måtte avstå frå faste aktiviteter, aktiviteter som for mange gjev lys og meining i livet. Me har måtte forholde oss til dei strengaste påbudte tiltak sidan andre verdskrig. Me har opplevd innskrenking av vår frihet. Demokratiet og parlamentarismen har fått utspela si rolle i ei krise og folket har respondert positivt og lojalt. Me har takka med å visa tillit til styresett og dei som forvaltar og leier landet.

No er me inne i ein periode der me ser ein lysning, tiltaka vert lempa på,- me får litt etter litt «friheten» tilbake. Ungane er no komne tilbake i barnehage og skule. Mange gjev uttrykk for at det var kjekt. No var me litt lei av å vera heima.

Kanskje me som nasjon og folk har hatt godt av å kjenna litt på det å få frarøva det som me så ofte tar for gitt, frihet til å reisa der me vil, frihet til å vera med dei me vil og frihet til å gjera det me ynskjer. Forhåpentlegvis kan me kan bruke dette til å styrkje dei verdiane som verkeleg betyr noke, å få leva i eit fritt land i fred og forsoning mellom oss som folk men også mellom nasjonar.

Det var denne friheten dei kjempa for desse som er minna her på støtta i Blomvåg.

Mitt håp for 17. mai 2020 er at me kan reflektere om dette samtidig som me feirer at me lever i eit land med ein grunnlov tufta på demokrati, respekt for enkeltmenneske og frihet til å styra og forvalta eige land.

La oss ikkje ta friheten for gitt. Vår frihet har hatt sin pris for mange. Det er vår rett og plikt og forvalte den godt, slik at me sikrer den for komande generasjonar.

I respekt og ærbødighet vil eg difor få leggja ned krans her i dag for å heidra minne til dei som «Gav livet sitt for fedrelandet» og minna oss alle om at me ikkje må gløyma.

Eg ber om eit minutt stillhet etter kransenedlegginga

Atle Dåsøy